



Atr Eiendom AS
Sandviksbodene 5
5035 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/11800 - 20/37117

Saksbehandlar:
Trygve Solberg
trygve.solberg@alver.kommune.no

Dato:
17.06.2020

Vedtak om retting, drivstoffanlegg - gbnr 212/152 Eikanger øvre

Administrativt vedtak: Saknr: 627/20
Tiltakshavar: Atr Eiendom AS
Ansvarleg søkjar: Møvik Byggetjenester AS
Søknadstype: Søknad om endring av tiltak

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-1, jf. 20-3 vert tiltaket godkjent etablert på gbnr 212/152.

Tiltak

Tiltaket gjeld oppføring av prefabrikkert drivstoffanlegg, bestående av 50m³ tank over bakken med pumpeanlegg og betalingsterminal. Saka no gjeld retting av gards- og bruksnummer. I vedtak datert 6.6.2019, i sak 337/19, vart det gitt løyve til oppføring av tiltaket på gbnr. 212/136. Omsøkt og godkjent situasjonskart viste ei plassering på gbnr. 212/152, og tiltaket er oppført på denne eigedomen.

Planstatus

Eigedommen ligg i regulert område omfatta av reguleringsplanen for Eikanger næringsområde. Tiltaket er vurdert å vere i samsvar med gjeldande plan.

Dispensasjon

Tiltaket krev ikkje dispensasjon.

Nabovarsel

Tiltaket er allereie nabovarsla.

Tilkomst, avkjørsle og parkering

Ingen endringar i forhold til gitt løyve.

VURDERING

Plassering

Tiltaket vert godkjent plassert på gbnr. 212/152, som vist på godkjent situasjonskart, datert 12.9.2018.

Regelverk

- Endring av tiltak er søknadspliktig etter plan- og bygningslova (pbl) §§ 20-3/20-4, jf. 20-2, jf. 20-1.
- Kommunen sine fristar for sakshandsaming går fram av byggesaksforskrifta (SAK) § 7-1, jf. § 7-1 første ledd bokstav b).
- Tiltak skal nabovarslast i samsvar med pbl. § 21-3.
- Tiltak skal oppførast i samsvar med byggteknisk forskrift (TEK), jf. pbl. § 29-5.
- Kommunen skal ikkje ta stilling til privatrettslege tilhøve, jf. pbl § 21-6.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.»20/11800».

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1.

Med vennleg helsing
Alver kommune

Marianne Aadland Sandvik
Avdelingsleiar

Trygve Solberg
Sakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur.

Mottakere:

Atr Eiendom AS

Sandviksboden 5035
e 5

BERGEN

Møvik Byggetjenester AS

Andøyfaret 33 4623

KRISTIANSAND S